


Presentasjon av geistlege kandidatar til Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet

Den 9. september 2019 skal det vera kyrkjeval. Det skal då veljast bispedømeråd for perioden 1. januar 2020 – 31. desember 2023. Bispedømerådet har 7 leke medlemmer, 1 lek kyrkjeleg tilsett og 1 prest. Biskopen er i tillegg fast medlem.

Nominasjonskomiteen for prestar har nominert fem kandidatar som er presentert i alfabetisk rekkefølge:



- Kjersti Brakestad Boge, sokneprest i Kvinnherad, Sunnhordland prosti
- Hege Høibye, sokneprest i Hornindal og prostiprest i Nordfjord prosti
- Magnar Haaland, sokneprest i Ulvik og Granvin, Hardanger og Voss prosti
- Tor Martin Koppang, sokneprest i Biskopshavn, Åsane prosti
- Kjersti Gautestad Norheim, sokneprest i Birkeland, Fana prosti

Kandidatane er presenterte i alfabetisk rekkefølge på dei følgjande sidene.

Valet vil bli gjennomført som preferanseval. Du må setja eit tal framfor minst ein kandidat for at stemma di skal telja. Du kan setja tal framfor så mange av kandidatane som du ønskjer, frå 1 til 6. Veljaren skriv eit 1-tal framfor kandidaten ein helst vil ha inn, eit 2-tal framfor andre kandidaten osv. Stemmesetlar skal sendast til bispedømekontoret i posten. Det er veljaren sitt ansvar at stemmesetelen er sendt så tidleg at den kjem fram til bispedømekontoret innan 9. september. Stemmesetlane blir tilgjengelege seinast 15. juni.

Med helsing

Valrådet i Bjørgvin bispedøme

**Skjema for presentasjon av geistlege kandidatar ved val av
bispedømeråd/Kyrkjemøtet**

Opplysningane er til bruk ved offentleg presentasjon av kandidatane.



Fødselsdato	1973		
Namn	Kjersti Brakestad Boge		
Bustadsadresse	Rosendal		
Telefon		Epost	kjersti.brakestad.boge@kvinnherad.kommune.no
Bustadssokn	Kvinnherad		
Kjønn	K <input checked="" type="checkbox"/> M <input type="checkbox"/> (kryss av)		

		Frå
Noverande stilling	Sokneprest i Kvinnherad	2018

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Tilsett som prest i Bjørgvin, Ytre Sogn, Hardanger og Voss og no Sunnhordaland prosti		1998	dd
Cand.tehol ved MHS, TF og MF		1992	1998
Praktikum ved MF		H1998	
Etterutdanning i Pastoral lederutvikling		2015	
Presteforeningens lederkurs		2013	

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Stiftsstyreleiar i PF Bjørgvin / tenestemannsrepresentant i Bjørgvin		2010	2013
Leiar i Regionalt Arbeidsmiljøutval		2010	2013
Geistlig representant og Medlem Bjørgvin bispedømeråd		2017	2019
Geistlig representant i Kirkerådet		2017	2019

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
2 vara i styret i Opplysningsvesenets fond		2016	2019

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
Kyrkjeordning og leiarstruktur	
Liturgi, teologi og språk i liturgiane	
Kva det vil seia å vera ei landsdekkande folkekyrkje i Bjørgvin, med by og land	
Rekruttering til kyrkjelege stillingar	
Styrking av kyrkja som ein god arbeidsplass for dei tilsette - HMS	

Spørsmål til geistlege kandidatar i Bjørgvin.

Namn: Kjersti Brakestad Boge

1: Sei noko om kven du er og kvifor du stiller til val.

Eg har vore prest i Bjørgvin sidan 1998 og har tidlegare vore engasjert i stiftstyret i Bjørgvin, seinare i lokallaget i Hardanger og Voss prosti. No er eg geistleg representant i Bispedømerådet og Kyrkjerådet, etter at Ivar Braut vart biskop. Det er eit interessant samarbeid som no er i gang for å forma kyrkja vår, som ei sjølvstendig folkekyrkje. Eg stiller til val fordi eg gjerne vil vere med og påverka og diskutera korleis vi kan skapa dei beste ordningane for framtida. Eg trur det tener heile kyrkja at vi har gode ordningar for prestane og dei tilsette. Eg har så langt klart å fylgja med i dei store diskusjonane med dei mange detaljane som etter kvart skal falla på plass. Eg har også klart å finna gode samarbeidspartnarar for å fremja mine synspunkt. Eg ynskjer gjerne å fortsette dette arbeidet.

2: Den norske kyrkja er ei evangelisk-luthersk folkekyrkje som vil vere: - Vedkjennande - Open - Tenande - Misjonerande I lys av dette, kva ser du som dei viktigaste oppgåvene for kyrkja lokalt, regionalt og nasjonalt?

Den lokale kyrkja, representert ved soknet er den grunnleggjande eininga i vår kyrkje. Der samlast dei truande til gudstenste og kyrkjelege handlingar. Det er viktig at kyrkja er til stades og er open og synleg i alle lokalsamfunn, at vi kallar til tru, kristen teneste lokalt og til misjon. Framleis er det viktig for mange at nokon held fram vår kristne tru, arv og tradisjon i lokalsamfunna. Kyrkja har vore og er ein viktig del av våre lokale fellesskap.

Regionalt skal kyrkja leggja til rette for, støtte og inspirera dei kristne i kyrkjelydane. Det er viktig å sjå til at kyrkjelydane har dei ressursane dei treng for å vera til stades i alle lokalsamfunn.

Nasjonalt må kyrkja finna dei gode ordningane, som fyrst og fremst tener kyrkjelydane og fremmer engasjement hos tilsette og friviljuge.

3: I denne valperioden skal Den norske kyrkja vedta ny kyrkjeordning. Kva tankar gjer du deg om framtidig organisering, arbeidsgjevaransvar og leiarskap?

Som prest meiner eg at ei kyrkje må ha ei åndeleg og pastoral leing. Vår kyrkje er fyrst og fremst forsamlinga av dei truande, og oppgåvene våre som kyrkje er alltid knyta til å vekke og nære det kristelige livet i soknet. Som fagforeiningsrepresentant opplevde eg fleire føremoner med at vi er tilsett på Bispedømenivå og ikkje Fellesrådsnivå, alt i frå løn, forhandlingar og at vi har eit ekstra nivå til å handtera konflikhtar når det oppstår.

No er arbeidet med organisering og arbeidsgjevaransvar verkeleg i gang. Eg var veldig aktiv i å få stoppa det førre forslaget til ny kyrkjeordning som vart lagt fram i Kyrkjerådet i juni 2018. Det gjekk langt i å overføre arbeidsgjevarmynde frå Bispedøme til Fellesråd. Det er viktig å halda fram at ordninga skal tena kyrkjelydane, at den ikkje skal fremja meir byråkrati, og at den aller mest skal leggja til rette for flest moglege kyrkjelege tenester og stillingar.

4: Korleis kan kyrkja vere fellesskap og aktuell arbeidsstad for unge?

Rekruttering til kyrkjelege stillingar er ein av dei viktigaste utfordringane vi har i kyrkja no. Den rekrutteringa skjer fyrst og fremst lokalt når vi møter ungdommar. Det er viktig at vi gjev rom for ungdommane i våre kyrkjelydarar, at vi lyttar til korleis dei vil ha det i kyrkja vår og at vi legg til rette for det. Lokalt er konfirmantundervisninga eit tilbod som møter dei fleste ungdommane våre. Vi treng god kvalitet i dette arbeidet for å skapa gode møter mellom ungdom og kyrkje. Ungdommane treng nokon å snakka med om livet og trua. Vi kan gje dei rom og tid og involvera dei i arbeidet. Leiarkurs for ungdom er ofte ein start på eit livslangt engasjement for kyrkja.

Regionalt er det viktig å legge til rette for presteneste som er særskilt retta mot barn og unge. I Kyrkjerådet har nettopp Ungdommens Kyrkjemøte fått ein fast representant. Det er viktig for oss når vi skal forma ei kyrkje for framtida å lytta til kva dei unge seier.

5: Kva tenkjer du om kyrkjeleg einskap i ei kyrkje med teologisk mangfald?

Eg er glad for mangfald og engasjement og diskusjonar. Eg trur vi kan bli litt betre saman, når vi utfordrar kvarandre og må tenkja gjennom saker på ny. Eg er glad for at vi er mange som engasjerer oss for evangeliet og kyrkja. Det er viktig for kyrkja at teologane engasjerer seg med sin kompetanse og held fram det som er viktig. Eg vil halda fram CA 7: *Og til kirkens sanne enhet er det tilstrekkelig å være enig om evangeliets lære og sakramentenes forvaltning.* Eg ynskjer at kyrkja skal vera romsleg for mange meiningar, men og at vi må evna å stå saman om det sentrale i trua på Jesus som frelsar. Eg synst det er trist når ein ikkje kan respektera kvarandre og ikkje vil samarbeida. Kyrkja treng alle i tenesta for å bringa *Meir himmel på jorda.*

**Skjema for presentasjon av geistlege kandidatar ved val av
bispedømeråd/Kyrkjemøtet**

Opplysningane er til bruk ved offentleg presentasjon av kandidatane



Fødselsdato	1974		
Namn	Hege Høibye		
Bustadsadresse	Hornindal		
Telefon	Epost	sokneprest@hornindal.kommune.no	
Bustadssokn	Hornindal		
Kjønn	K <input checked="" type="checkbox"/> M <input type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Sokneprest	Frå	2017
--------------------	------------	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Profesjonsstudiet i teologi		2010	2016
Drama og teaterkommunikasjon mellomfag		1997	1998
Fortellerkunst		1999	1999
Idéhistorie mellomfag		1996	1997

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
(Inntil 60 teikn)		(Årstal)	(Årstal)

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Kasserer, Norsk fortellerforum		2006	2008

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
Gudstjenesten og liturgisk liv	
Trosopplæring	
Vern om skaperverket	
Kirkemusikk	

Spørsmål til geistlege kandidatar i Bjørgvin.

Namn: Hege Høiby

1: Sei noko om kven du er og kvifor du stiller til val.

Eg er relativt ny i jobben som prest, stillinga no er min første. Før teologistudiane jobba eg frilans som forteller i ti år, og i tillegg jobba eg som kyrkjetenar i halv stilling. Som prest er det mange områder eg synes er viktig, men den liturgiske teologien er eg spesielt opptatt av. Den viktigste grunnen til at eg stiller til val, er at eg ble spurt. Det fekk meg til å tenke, og eg kom fram til at eg gjerne ville gjøre en jobb for kyrkja på denne måten også.

2: Den norske kyrkja er ei evangelisk-luthersk folkekyrkje som vil vere: - Vedkjennande - Open - Tenande - Misjonerande I lys av dette, kva ser du som dei viktigaste oppgåvene for kyrkja lokalt, regionalt og nasjonalt?

Eg ser det som viktig å kunne være til stede lokalt, også på mindre steder. Causalialog-samtalene er dei møtepunkta der kyrkja, gjennom prestane og andre tilsette, har den breiaste kontaktflata. Regionalt og nasjonalt vil det handle litt meir om overordna tema: å kunne gi stemme til dei som ikkje blir høyrd, løfte fram dei som er gløymde og gje vern til dei verjelause.

3: I denne valperioden skal Den norske kyrkja vedta ny kyrkjeordning. Kva tankar gjer du deg om framtidig organisering, arbeidsgjevaransvar og leiarskap?

Eg trur ordninga med to arbeidslinjer etter kvart må endrast, men har ikkje heilt landa på kva eg trur vil være den beste måten å organisere. På lokalnivå er det ei relativt flat struktur, særleg i mindre sokn og fellesrådsområde, og eg ser det som ei styrke for kyrkja som arbeidsplass, sjølv om det også har sine utfordringar. Eg vil derfor ønske ei organisering som tek vare på den fridomen og styrka som ligg i at dei forskjellige yrkesgruppa skal jobbe saman på relativt likefot.

4: Korleis kan kyrkja vere fellesskap og aktuell arbeidsstad for unge?

Det er alt mykje godt arbeid som gjeres gjennom trusopplæring, konfirmantarbeid og ungdomsarbeid. Eg trur vi treng å kunne byggje vidare på dette for å kunne skape fellesskap. For å kunne være aktuell arbeidsstad, trur eg vi treng å kunne være der ungdom får vita om kva som finns av arbeidsvegar, slik som arbeidsmesser, arbeidsdagar på skule eller liknande, og dei treng å vita om bredda av jobbar som finns.

5: Kva tenkjer du om kyrkjeleg einskap i ei kyrkje med teologisk mangfald?

Gud er Gud for alle menneske. Om vi verkeleg trur at Gud har kalla alle menneske til å leva i samfunn med seg sjølv og kvarandre, så betyr det også dei som er ulike oss sjølv, og dei som tenkar annleis enn oss sjølv. Det er ei styrke å kunne romme eit mangfald, også teologisk: det vitnar om Han som er større enn oss og som har kalla oss.

Som ung fann eg i kyrkja ein stad der eg kunne bli meg sjølv, og ikkje berre ei kopi av dei rundt meg. Utan det trur eg ikkje eg hadde vært prest i dag.

Sjølv om eg meiner det finns ei grense, så er det ei styrke ved den lutherske tanke om at einskap berre krev at vi samlast om det heilt sentrale.

Skjema for presentasjon av geistlege kandidatar ved val av bispedømeråd/Kyrkjemøtet

Opplysningane er til bruk ved offentlig presentasjon av kandidatane



Fødselsdato	04.05.1962		
Namn	Magnar Haaland		
Bustadsadresse	Koglehaugen 13, 5710 Skulestadmo		
Telefon	41546366	E-post	mh977@kyrkja.no
Bustadssokn	Voss		
Kjønn	K <input type="checkbox"/> M <input checked="" type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Sokneprest i Ulvik og Granvin, Hardanger og Voss prosti	Frå	2016
--------------------	---	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Kristendomskunnskap grunnfag NLA		1983	1984
Kristendomskunnskap mellomfag NLA		1984	1985
Førebuande prøves hebraisk, gresk og latin, samt ex. Phil. - MF		1985	1990
Teologisk embetseksamen - TF		1991	1993
Praktikum - TF		Vår 1994	

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Lokallagsleiar PF Nordfjord		1996	2000
Lokalt verneombod Hardanger & Voss prosti		2007	2010
Hovudverneombod Bjørgvin bispedøme		2010	2018

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
-	arbeidstilhøve for prestane og fritid, mykje av arbeidstidordninga fungerer berre på papiret
-	Tverrfagleg samarbeid må styrkast og spenninga mellom embete og råd reduserast
-	Styrke rekrutteringa til alle typar stillingar innan kyrkja
-	Etterutdanning / stryking av fyrstelinetenesta
-	korleis kyrkja skal organiserast og finansierast i framtida

Spørsmål til geistlege kandidatar i Bjørgvin.

Namn: Magnar Haaland

1: Sei noko om kven du er og kvifor du stiller til val.

Har arbeidd i Bjørgvin bispedøme sidan 1995 og kjenner bispedømet godt. Har vore hovudverneombod i 8 år og gjennom det arbeidet kjenner eg mykje til både det gode arbeidet som vert gjort og dei utfordringane som kyrkja møter. Det å sitje i kontaktutval og arbeidsmiljøutval har styrka interessa for arbeidet med å forme ei kyrkje for famtida

2: Den norske kyrkja er ei evangelisk-luthersk folkekyrkje som vil vere:

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

I lys av dette, kva ser du som dei viktigaste oppgåvene for kyrkja lokalt, regionalt og nasjonalt?

Vi møter eit stadig meir sekularisert samfunn som vert meir og meir areligiøst. Dette utfordrar oss til å tenke nytt om korelis vi kan møte dette, samstundes som vi må ta vare på dei som kallar seg truande. I dette ligg det ei utfordring med å forkynne evangeliet inn i ei ny tid. Eg vil søke etter å finne fora som kan bygge bru mellom ei ny tid og trua på Kristus. Å syne at Kristus har noko å seie til menneske av i dag og at han ikkje er irrelevant. Samstundes må vi ta vare på dei om trufast har vore med å bygd kyrkje i lang tid og samarbeide med lag og organisasjonar lokalt. Det er lokalt i fyrsteline arbeidet skjer, og organisasjonen oppover har som oppgåve å støtte dette.

3: I denne valperioden skal Den norske kyrkja vedta ny kyrkjeordning. Kva tankar gjer du deg om framtidig organisering, arbeidsgjevaransvar og leiarskap?

Eg tenkjer 4 nivå –

- Nivå 1: soknet som grunneining
Nivå 2: Prostinivå, som er såpass stort at ein kan få ein effektiv organisasjon med daglege leiarar (BKF bør delast i 4 – 5 einingar)
Nivå 3: Bispedøme – her bør arbeidsgjevar og økonomiansvaret ligge
Nivå 4: Her er sentralkyrkjeleg administrasjon samt økonomifordeling til bispedøma, kyrkjerådet

4: Korleis kan kyrkja vere fellesskap og aktuell arbeidsstad for unge?

Ved å møte dei unge på deira premiss, samt gje dei utfordringar og leiartrening. Ver med å skape fora der kan lære Kristus betre å kjenne og å skape ei trygg tru. Vi må søke å ikkje vere ekskluderande men inkluderande, der born og unge kan få utvikle seg uansett føresetnader, utan å tvinge dei inn i ein mal.

5: Kva tenkjer du om kyrkjeleg einskap i ei kyrkje med teologisk mangfald?

Det er ei spanande utfordring å møte andre syn enn sine egne. Eg vil søke å vere lyttande. Det hender at eg lærer noko av andre, sjølv dei eg er ueinige med. Når alle tenkje som meg er det ikkje mange som tenkjer. Tøre å lytte til kvarandre og ikkje vere redd for det som er annleis. Tørre å sjå på ulikskapane som ein ressurs og ikkje som eit problem.

**Skjema for presentasjon av geistlege kandidatar ved val av
bispedømeråd/Kyrkjemøtet**

Opplysningane er til bruk ved offentlig presentasjon av kandidatane



Fødselsdato	1959		
Namn	Tor Martin Koppang		
Bustadsadresse	Bergen		
Telefon		Epost	tk258@kirken.no
Bustadssokn			
Kjønn	K <input type="checkbox"/> M <input checked="" type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Sokneprest i Biskopshavn	Frå	2013
--------------------	--------------------------	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Cand.teol. med practicum		1979	1987
Mellomfag i sosialantropologi		1985	1985
45 studiepoeng i juridiske fag fra Høgskolen i Molde		2007	2008
PHU-videreutdanning fra Teologisk fakultetet		2013	2014

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Boligombud for presteboligene i Bergen		2015	
Verneombud for prestene i Åsane prosti		2010	
Medlem av styret for Biskopshavn familievernkontor		2013	2017
Vararepresentant for hovedverneombudet i Bjørgvin bispedøme		2019	

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Medlem av områdestyret for NMS – leder fra 2018		2016	2020
Vararepresentant til Kriseteamet i Arna og Åsane			

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
Barne – og ungdomsarbeid	
Trosopplæring	
Kristent felleskap og bygging av menigheter	
Misjon	
Kultur og musikk	

Spørsmål til geistlege kandidatar i Bjørgvin.

Namn: Tor Martin Koppang

1: Sei noko om kven du er og kvifor du stiller til val.

Eg har arbeidd som prest i kyrkja sidan 1987. Eg har i mange år vore sokneprest i Aukra i Møre bispedøme – eit prestegjeld som bestod av tre øykommunar/sokn. Før eg kom til Biskopshavn, arbeidde eg i nabokyrkjelyden Eidsvåg der eg hadde mykje ansvar i ungdomsarbeidet. Eg brenn for breidden i kyrkja sitt arbeid – og eg brenn for det nære fellesskapet av dei truande.

Eg ønsker å bidra til kyrkja si framtid i Norge i bispedømerådet og kyrkjemøtet.

2: Den norske kyrkja er ei evangelisk-luthersk folkekyrkje som vil vere:

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

I lys av dette, kva ser du som dei viktigaste oppgåvene for kyrkja lokalt, regionalt og nasjonalt?

Eg meiner at kyrkja skal vere vedkjennande, open, tenande og misjonerande. Det skal ikkje vere tvil om kven vi trur på, den treeinige Gud, og Jesus Kristus som Guds Son og Frelsar for verda. Han som skal døma verda. Og Jesus som er den einaste vegen til Gud. På dette grunnlaget skal ikkje vi ikkje vere redde for å opne kyrkja for truande og tvilande. Kyrkja bør og møte menneske med ei anna tru med respekt og dialog. Kyrkja har ei oppgåve i forhold til alle aldrar – diakonien får stadig nye former, men i forhold til menneske som kjem på utsida av samfunnet, er det alltid behov for ei kyrkje som ser og handlar. Den allminnelige diakonien for eksempel unge og eldre betyr og mykje. Kyrkja vert ein treffstad. Kyrkja har eit ein god bodskap som er for alle menneske – difor er den i sitt vesen misjonerande alle stader i verda. Misjon betyr og dialog og samtale, men den har eit mål om å gjere alle menneske til læressveinar ved å døype og lære.

3: I denne valperioden skal Den norske kyrkja vedta ny kyrkjeordning. Kva tankar gjer du deg om framtidig organisering, arbeidsgjevaransvar og leiarskap?

Den lokale kyrkjelyden er den berande eininga i kyrkja. Difor må den få fridom og økonomi til å gjere det den skal. Fellesrådet skal tene lokalkyrkjelyden. Dei andre kyrkjelege organa må ikkje byggjast opp meir enn naudsynt. Eg ynskjer og at bispedømerådet med sin administrasjon vert vidareført i ny kyrkjeordning med m.a. arbeidsgjevaransvar og tilsynsmynde.

4: Korleis kan kyrkja vere fellesskap og aktuell arbeidsstad for unge?

Her har kyrkja eit stort ansvar. Vi må arbeide lokalt og gjerne i lag med kristne organisasjonar for å få til eit arbeid i konfirmasjonstida og i tida etter. Og så trur eg at vi i kyrkja må gi ungdom plass til å få prøve seg med sine gåver og sine evner – som hjelpeleiarar, som gudstenestemedhjelparar osb.

5: Kva tenkjer du om kyrkjeleg einskap i ei kyrkje med teologisk mangfald?

Kyrkja bygger på ein einskap i Skrift og vedkjenning. Men dette er ikkje lett for her handlar det og om overbevising om kva ein meiner er rett i både lære og liv. Difor blir skilnadene så tydelege. Og dette må vi nok leve med. Difor vert einskapen ein skjør einskap.

**Skjema for presentasjon av geistlege kandidatar ved val av
bispedømeråd/Kyrkjemøtet**

Opplysningane er til bruk ved offentlig presentasjon av kandidatane



Fødselsdato	1974		
Namn	Kjersti Gautestad Norheim		
Bustadsadresse	Nesttun		
Telefon		Epost	Kn223@kirken.no
Bustadssokn	Birkeland sokn		
Kjønn	K <input checked="" type="checkbox"/> M <input type="checkbox"/> (kryss av)		

Noverande stilling	Sokneprest i Birkeland sokn, Fana prosti	Frå	2018
--------------------	--	-----	------

Yrke/Utdanning	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Praktikum ved Det teologiske menighetsfakultet		2002	
Cand.theol		1995	2001
Økumenisk Nord-Sør kurs med fokus på midtøsten-konflikten ved Svenska teologiska instituet		1999	
Psykologi grunnfag		1996	1997

Kyrkjelege verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til
Medlem av Teologisk Nemd for Mellomkirkelig råd		2012	2019
Redaksjonsmedlem i Luthersk kirketidende		2018	-
Medlem av forstandskapet på Det teologiske menighetsfakultet		2012	2015
Medlem i representantskapet for Stefanusalliansen		2009	2011
Skribent i Vårt Land		2004	-

Offisielle og andre verv	(Opptil 5 oppføringar – vel dei mest relevante.)	Frå	Til

Satsingsområde (inntil 5)	(Aktivitatar i og planar for kyrkja som kandidaten er særleg oppteken av. Opptil 5 område som kandidaten vil prioritera høgast.)
Kyrkjelydsplanning og -utvikling	
Ungdom og unge-vaksne	
Barne- og familiearbeid	
Misjon	
Forkynning	

Spørsmål til geistlege kandidatar i Bjørgvin.

Namn: Kjersti Gautestad Nordheim

1: Sei noko om kven du er og kvifor du stiller til val.

Mitt namn er Kjersti Gautestad Nordheim. Eg er 44 år, gift og har fire barn i alderen 9-18 år. Eg er sokneprest i Birkeland sokn i Fana prosti, der eg tidlegare har vore kapellan. Før det arbeidde eg som prest i eit kyrkjelyds-planteprosjekt i Borg bispedøme. Mi første presteteneste var som misjonær i Estland i et samarbeidsprosjekt mellom Den estisk evangelisk-lutherske kyrkja, Den norske kyrkja og NMS. Bispedømerådet er eit strategisk viktig bindeledd mellom kyrkja lokalt og kyrkja nasjonalt. Kyrkja står midt i ei spennande og interessant brytningstid. Eg stiller til val fordi eg er engasjert i kyrkja si framtid og trur bispedømerådet kan vera med å leggja avgjerande rammer for det handlingsrommet Den norske kyrkja kan få på veg inn ei ny tid. Mine erfaringar frå ein variert presteteneste og frå tillitsverv både i kyrkja og i kyrkjerelatert arbeid har gitt meg ei brei erfaring som eg vil ta med inn i dei sakene som bispedømerådet arbeider med.

2: Den norske kyrkja er ei evangelisk-luthersk folkekyrkje som vil vere:

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

I lys av dette, kva ser du som dei viktigaste oppgåvene for kyrkja lokalt, regionalt og nasjonalt?

Å vere kyrkje er å saman søkja Jesu nærvær. Som evangelisk-luthersk folkekyrkje er vi forankra i vedkjenninga på den treeinige kallar oss til å leva eit liv vendt mot Ham i alt som skjer oss. Vi kallast inn i møte med Gud og vi sendast ut til hele verda, for å fortelja om dette forunderlege nærværet. Denne rørsla – at vi får venda oss bort frå oss sjølve og til Kristus – opnar oss opp og set oss fri til å tena andre. Difor handlar det å vera ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande kyrkje om å søkja Jesu nærvær. Lokalt kjem dette til uttrykk når menneske samlast rundt ord og sakrament i eit gudstenestefeirande fellesskap. Nasjonalt har kyrkja eit ansvar for å være ein tydeleg stemme inn i samfunnsdebatten når det krevjast. På nasjonalt plan skal det også leggjast til rette for eit aktivt engasjement og ei stadig fornying av den evangelisk-lutherske folkekyrkja i Noreg, slik det står i §1 i kyrkelova av 1996. Bisperådet er det strategiske, regionale bindeleddet mellom kyrkja nasjonalt og lokalt, og har ansvar for å skapa gode rammer for dei lokale kyrkjelydane, slik at det kristelege livet i kyrkjelydane kan vekkast og nærast, og leggje til rette for samarbeid.

3: I denne valperioden skal Den norske kyrkja vedta ny kyrkjeordning. Kva tankar gjer du deg om framtidig organisering, arbeidsgjevaransvar og leiarskap?

Eg vil arbeide for ei robust kyrkjeordning som samstundes har fleksibilitet nok i seg til å møte dei utfordringane kyrkja vil stå overfor i ei ny tid. Det vil også vera nødvendig å arbeida med er å sikra god og tydeleg lokal leiing i kyrkjelyden. I tillegg til dette kjem plasseringa av presten si rolle i organisasjonen til å vera ei viktig sak for meg.

4: Korleis kan kyrkja vere fellesskap og aktuell arbeidsstad for unge?

Eg trur – og har erfart – at kyrkja kan vere eit godt fellesskap og ein aktuell arbeidsstad for mange unge. Det sentrale er å utvikla vitale, lokale ungdomsarbeid. Det vil og vera viktig å våge å satse på dei unge-vaksne i aldersgruppa 20-35. Satsing på arbeid for ungdom og unge-vaksne har vist seg å vera rekrutterande også inn mot kyrkjeleg teneste. For: ei anna viktig sak er korleis vi som kyrkje arbeider for å rekruttera prestar og andre medarbeidarar. Rekruttering handlar om mykje meir enn å løysa bemanningsutfordringar. Korleis vi rekrutterer – både til løna og friviljug teneste – seier mykje om kven vi er som kyrkje. Her har kyrkja mykje å læra av sitt eige ungdomsarbeid. I tillegg vil god arbeidsvegledning og utfordringar som fremjar utvikling vera avgjerande. Eg trur også at det er bra å leggje til rette for nok fleksibilitet i tenesta til at dei som "brenn" for t.d. ungdomsarbeid skal få rom til å jobba med dette.

5: Kva tenkjer du om kyrkjeleg einskap i ei kyrkje med teologisk mangfald?

I ei kyrkje som dei siste åra har vore prega av til dels sterke spenningar vil det vere ekstra viktig å stadig arbeida for å skapa eit godt samarbeids- og samtaleklima. Det inneber at vi må møta kvarandre både med tydelegheit og respekt, og at vi må øva på å tola friksjon. Samstundes vil det også vere viktig å skapa gode ordningar for samarbeid i saker som fører til ulik praksis blant kollegaer.